

Vann ettertrakta internasjonal designpris.



Acorn Design AS fekk høgthengande internasjonal designpris for dette utstyret.(Foto frå heimesida deira)

Morten og Sheila Eik driv det designfirmaet Acorn Design AS i Kristiansand. Nyleg vart dei tildelt ein av dei mest ettertrakta internasjonale designprisane, Red Dot Design Award. Dei vart tildelt prisen for designen på eit trådløst intercomsystem for bruk i og rundt fly. De ser dette avbilda over.

Gjennom firmaet sitt Acorn Design AS samarbeider Morten (son til Audun og Liv Eik) og Sheila Eik, med eit internasjonalt team av prisbelønna industrielle designarar, grafiske designarar, produktstylistar, leverandørar og produsentar som dekkar over 12 ulike land, står det å lesa på [heimesida til firmaet](#). Arbeid frå dei er i bruk i svenske krisetenester, det kongelege generalkonsulat i New York og i drivhus i Canada, for å nemna noko.

Det trådløse intercomsystemet som dei no fekk designprisen for, er i bruk i den svenske naudtenesta. Den robuste, vanttette kroppen er designa for bruk i ekstreme miljø der det er avgjerande å ha eit påliteleg sambandsutstyr. Den er no standard i alle redningshelikoptera.

Industridesignaren Morten og grafisk designaren Sheila Eik eig også tredjeparten i firmaet Chrono Chrome som utviklar og sel brillene med oransje glas basert på bakgrunn av forskninga til psykiater Tone Henriksen. Henriksen fann ut at briller med oransje glas, som eliminerer blått lys, kan ha ein svært positiv effekt på bipolare. Dei vil medverka til betre søvn og døgnrytme. Tone og mannen Roger Henriksen eig ein tredjepart i Chrono Chrome, medan arkitektparet Ali Heshmati og Gretha Rød eig den siste tredjeparten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland